

**121 millimeter på 6 dagar!****07.10.2010**

**Uskedalen har ingen meir eller mindre offisiell målestasjon og må trøysta seg med SØRAL på Husnes.**

**Der falt det 121 millimeter nedbør dei fyrste 6 dagane av oktober medan normalen for heile månaden denne staden er 241 millimeter, melder HusnesNett.**

Men aller mest nedbør på eit døgn kom det mellom klokka 8 i går til 8 i dag - då hølja det ned 64 millimeter på Husnes og det er grunn til å tru at det ikkje kom mindre her i Uskedalen.

Eller er det kanskje nokon som har målt regnmengden reint uoffisielt?